



Arkivnr: 2016/35109-21

Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.05.2019

### Bruravik kai - vidare bruk av kaiarealet

#### Samandrag

Ferjesambandet Bruravik-Brimnes vart nedlagt når Hardangerbrua opna i 2013, og Bruravik kai gjekk ut av bruk for fylkeskommunen. Det vart lagt fram ei sak for fylkesutvalet i januar 2019, PS 8/19, der ein rådde til at kaiområdet vart lagt ut for sal. Fylkesutvalet vedtok at ein skal avklara om arealet kan nyttast til regional utvikling og ny aktivitet på kaien før det eventuelt vert solgt. Det har meldt seg tre interessentar til arealet, og fylkesrådmannen rår til at det vert innleia forhandlingar med selskapet AkvaTotal AS om leige av kaiarealet. AkvaTotal AS har planar om å starta opp med produksjon av fiskefor.

**Økonomi:** Uklårt kva utleige kontra sal vil få å seia for økonomien til fylkeskommunen

**Klima:** Ingen verknad

**Folkehelse:** Ingen verknad

**Regional planstrategi:** Nyetablering og framtidsretta verdiskaping i næringslivet er ein viktig strategi.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å leiga ut eller selja Bruravik kai. Dersom ein ikkje vert samd om avtale med AkvaTotal AS, kan fylkesrådmannen gå vidare til dei andre interessentane.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 12.04.2019**Innleiing

Etter at ferjesambandet Bruravik-Brimnes vart nedlagt i 2013, har Bruravik kai kun vore sporadisk brukt til ymse volumtransport. Statens vegvesen har justert innkøringa til kaiområdet, og har føretekt noko turvande vedlikehald på infrastrukturen. Då dette er eit område som er utsett for vær og vind og slitasje ynskte fylkesrådmannen å avhenda området for ikkje å pådra fylkeskommunen ytterlegare utgifter til vedlikehald. Sak om dette vart lagt fram for fylkesutvalet i januar 2019.

Fylkesutvalet fatta slikt vedtak i sak 8/2019:

*Fylkesutvalet bed rådmannen gå i ny dialog med kommunane og (lokalt) næringsliv, for å avklara om Bruravik fergekai kan nyttast for å skapa regional utvikling og ny aktivitet på kaien. Deretter vert saka på ny lagt fram til politisk handsaming.*

Etter dette vart Granvin og Ulvik herad samt næringsorganisasjonane i herada tilskrivne og bedt om innspel i saka. Tre aktørar har meldt si interesse for kaiarealet. Det er:

**AkvaTotal AS**

Selskap under etablering som har som mål å få til bærekraftig produksjon av forråstoff basert på lågtrofisk akvatisk biomasse som m.a blåskjell, tunikater og eventuelt andre egna organismar. I prosjektplanen er det nemnt at det kan bli 10 arbeidsplassar på sikt. Selskapet må få løyve til å nytta sjøarealet utanfor kaien til dyrkinga.

**Granvin Maskinstasjon AS**

Dette er ei verksemd som tilbyr arbeid innan graving, sprenging, transport m.m. Det er ikkje opplyst kva ein vil nytta kaien til.

**Espelid Transport AS og Flage Maskin AS**

Verksemdene driv innafor entreprenørbransjen med graving, sprenging og massetransport, og har eit stort omfang. Dei er lokalisert i Granvin og Voss. Det er ikkje opplyst kva ein vil nytta kaien til.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen registrerar at det er tre interessentar til kaiarealet, og at ein av interessentane har konkrete planar om utnyttinga av arealet, medan dei to andre ikkje har spesifisert dette. AkvaTotal AS har planar om å starta med produksjon av fiskefor av ressursar som alt er i fjorden og som ikkje vert utnytta. I orienteringa om prosjektet går det fram at verksemda har utvikla ein eigen teknologi for dyrking og innhausting av forressursar som ein er i ferd med å patentera. Viss ein lukkast med prosjektet så kan det på sikt gje inntil 10 arbeidsplassar på denne lokasjonen.

Fylkesrådmannen ser at kaien i Bruravik vil egna seg godt til omlasting/lagring av ymse volumtransportar som skogsvirke, asfalt, grus, kalk m.m, og at entreprenørverksemdar kan gjera seg nytte av det. Ein vil likevel rå til at ein innleiar samtalar med AkvaTotal AS om leige av arealet. Ein grunngev dette med at AkvaTotal AS har eit konsept som på sikt kan gje arbeidsplassar i distriktet. I tillegg kan konseptet, viss ein lukkast med teknologien og marknaden er til stades, utviklast til ei større næring i distrikta.

Dersom ein ikkje vert samd med AkvaTotal AS om ein leigeavtale, rår fylkesrådmannen til at ein går vidare med dei andre interessentane med føremål om sal eller utleige.